

Pressepolitisk notat frå Landslaget for lokalaviser (LLA)

Høyring i Familie- og kulturkomiteen, 23. oktober 2023



Mediepolitikk handlar om kva samfunn vi vil ha
Den største styrken til det norske samfunnet er at vi har tillit til samfunnsinstitusjonane, både offentlege og frivillige organisasjonar. Det gjer òg at vi har tillit til kvarandre som menneske. I sum er dette grunnlaget for tilliten til demokratiet. Utan journalistikk som set kritisk søkelys på alle delar av samfunnet, og som er med på å skape eit gjennomsiaktleg samfunn, kjem tillitssamfunnet gradvis til å forvitre. Kostnaden ved det er urekneleg økonomisk og utåleleg for livskvaliteten.

Rundt 230 aviser totalt i Norge. 115 lokalaviser i LLA-familien

Uttale frå Landslaget for lokalaviser (LLA) til høyring om statsbudsjettet for 2024

Landslaget for lokalaviser (LLA) er interesseorganisasjonen for over 115 lokalaviser landet rundt.

LLA arbeider med rammevilkår frå spørsmål knytt til ytringsfridom, til innsyn og pressestøtte. Dei siste åra har LLA satsa tungt på å hjelpe lokalavisene med digital satsing og innovasjon. LLA har og eit omfattande kompetansarbeid med drift av idébank, rådgjeving og har årleg over 500 lokalavisedarbedarar på skreddarsydd faglege kurs og seminar. LLA har kontinuerleg tiltak for å hjelpe lokalavisene til å laga stadig betre og viktigare journalistikk i sine lokalsamfunn. Til dømes samarbeidsprosjektet «Den store folkevandringa» med over 700 saker publisert i ca. 70 lokalaviser. Lokalavisene ønskjer sterkt ei fast vidareføring.

Mediepolitikk er demokratipolitikk

Redaktørstyrte media er ei forutsetning for ytringsfridom og demokrati og staten sitt ansvar er grunnlovsfesta §100. Berre gjennom eit sett av verkemiddel kan ein oppfylle målet om eit mangfald av redaktørstyrte media av høg kvalitet i heile landet. Det handlar om både tiltak som ikkje kostar, men kan lette arbeidet i redaksjonane, og det handlar om indirekte og direkte støtteordningar, alt for at media kan levere viktig journalistikk til innbyggjarane. Medias viktig funksjon blir ekstra tydeleg i vanskelege tider som under pandemien og nå med fleire forferdelege og kompliserte krigar på ein gong. Redaktørstyrte media er viktige både for å informere, forklare, debattere og reflektere over det som skjer. Vi er stolt av det våre media leverer nå under svært farlege og vanskelege arbeidsforhold for journalistar i krigssoner.

Lokalavisene eit fundament i lokaldemokratiet

Vi har nettopp lagt bak oss eit lokalval der lokalavisene har vore avgjerande viktige for å få fram dei forskjellige partia sin politikk, kven personane som stiller til val er og kva dei står for, få fram skilnadane og slik stimulere til å bruke stemmeretten. Med andre ord; lokalavisene viser heile tida at dei er eitt fundament i eit levande lokaldemokrati.

Johan Giertsen i Pollofpoll:

"Lokalavisene er folkets fanebærere. Mer engasjert og tettere på velgerne enn rikspressen. Lokalavisene gjør det engasjerande!"

Ken André Ottesen, BAdesken:

"Lokalavisene og lokalpolitikkerne har gjort jobben sin. Og de har gjort den godt. Lokalavisene har arrangert utallige lokale debatter, og de har forklart og analysert for leserne sine. De har brukt ressurser de egentlig ikke har på å sikre at lokaldemokratiet lever – og lever godt."

Lokalavisene sikrar god informasjon til innbyggjarane, journalistikk som gir innsikt i forvaltning og politikk, debatt og ikkje minst synleggjering av kultur. Dette er avgjerande for eit velfungerande samfunn.

Mediemangfaldet i landet vårt er unikt, men det er ikkje sjølvsgatt.

Det er krevjande når lesinga blir digital utan at annonseinntektene følgjer med. Det er ei stor utfordring i den digitale medieøkonomien at store internasjonale tech-gigantar utan samfunnsansvar og journalistar på lønningslista tar det meste av annonseinntektene. LLA set pris på at både regjeringa og Stortinget arbeider aktivt for å temje desse «IT-trolla» slik at redaktørstyrte media kan få ein reell sjanse til ein større del av annonseinntektene som trengst for å finansiere journalistikken. Vi vil be om at Norge er offensive og raskt følgjer opp det som kjem gjennom internasjonale tiltak, men og at ein går føre for å kunne ta vare på norsk journalistikk. Det hastar.

Mindre, uavhengige lokalaviser er mest sårbare

Den siste økonomirapporten frå Medietilsynet om økonomien i media viser at 2022 samla viste kraftig svekka økonomi for media. Og det er framleis store skilnader der dei minste avisene har klart svakast økonomi. Det er i denne gruppa vi finn flest uavhengige aviser rundt om i mindre lokalsamfunn landet rundt.

Det er kommunane som leverer det meste av tenestetilbodet til innbyggjarane i landet vårt, og det er lokalavisene som følgjer den lokale politikken.

LLA set pris på at støtta til dei mindre lokalavisene er styrka dei siste åra, men slik utviklinga er, ber vi om vidare løft, slik at lokale media kan klare både å levere på samfunnsoppdraget – og å omstille seg til ei digital framtid.

LLA vil få peike på at lokalavisene er grunnfjellet i mediemangfaldet og heilt avgjerande for demokrati og samfunnsniv lokalt.

I praksis er lokalavisa den einaste fellesarenaen for innbyggjarane i dei ulike lokalsamfunn der alle lever sine liv.

Statsbudsjettet for 2024

I tråd med lov om økonomisk støtte til media (mediestøtteloven) la regjeringa i fjor fram mediepolitiske styringssignalar for 2024-2026. LLA ser det som positivt med langsiktige føringar i mediepolitikken og er glad for at regjeringa så tydeleg slår fast at eit mangfald av media er ein grunnleggande føresetnad for ytringsfridom og eit velfungerande demokrati.

LLA er også glad for at det kom nye tiltak og tilpassingar i mediestøtta som er retta mot dei minste lokalavisene. Det er viktige tiltak for å ta vare på og hjelpe dei små lokalavisene landet rundt.

LLA meiner ambisjonsnivået for mediestøtta formulert i styringssignala burde vore høgare. Lovnader om inflasjonsjustert støtte er viktig, men langt frå tilstrekkeleg for å nå ambisiøse målsettingar og hjelpe media som nå møter vanskelegare tider i marknaden. Det er rett å hevda at (store deler av) mediebransjen har førespegla krise, og at det har gått betre enn venta og frykta. Takka være vellukka digitalisering og gjennom det auke i brukarbetaling, kutt i støttefunksjonar og låg prisvekst har mediebransjen klart seg gjennom fleire år med reduksjon i annonseinntekter.

Men nå er det trongare tider. Dyrtid for folk med stor prisvekst og høgare renter gjer at det i beste fall er stagnasjon i brukarinntekter, samstundes som annonseinntektene fell meir og kostnadane stig på innsatsfaktorar som løn, trykking og distribusjon. Dette er alvorleg for mange. Dei små lokalavisene med minst marginar er dei som først blir ramma. Det vil vere særst uheldig med kutt i frå før sårbare redaksjonar.

Produksjonstilskottet må aukast

I forslaget til statsbudsjett er dei aller fleste postar foreslått inflasjonsjustert, og knapt nok det om ein tar med i vurderinga kostnadsfaktorane i mediebransjen. LLA vil be om auke i budsjettet, først og fremst produksjonstilskottet som er med på å finansiere den viktige journalistikken.

Mediestøtta må vere ein rettighet

LLA meiner at den direkte pressestøtta ved produksjonstilskottet må organiserast som ein rettighet. Med rammeløying som i dag er det lite føreseieleg for sårbare aviser. Ein kan seie at dersom støtta fungerer etter målsettinga og mangfaldet aukar gjennom nye media så vil det bli mindre støtte til dei som er med i ordninga. Vi ser i andre land kor alvorlege konsekvensane kan bli for heile lokalsamfunn utan redaktørstyrte medier.

Innovasjonsstøtta

LLA er særst glad for å ha fått gjennomslag for reduksjon i eigenandelen i innovasjonsstøtta for dei minste avisene. I fjor vart denne støtta utvida slik at også fagpressemedia kan få innovasjonsstøtte, men då utan å få tilført friske midlar. Dette er viktig å løyse i år ved auke i ramma, gjerne ved dedikerte midlar.

Avisdistribusjon og digital infrastruktur

Kompensasjonsordninga til avisdistribusjon er under eit anna departement og ein annan komité, men så viktig for lokalavisene at vi ønskjer at Familie- og kulturkomiteen også følgjer saka tett. Dei fleste lokalaviser, og spesielt dei fleste av dei minste, er framleis heilt avhengig av papiravisa for å klare seg økonomisk.

LLA er glad for at Samferdsledepartementet har varsla utlysing av eit nyttjande tilbud på avisdistribusjon frå juli 2024.

LLA er svært tilfreds med innretninga i dette tilbudet som legg opp til at abonnentane vil få levert lokalavisa uansett kor i landet dei bur.

Men det er dukka opp ei alvorleg utfordring i månadane før det nye tilbudet. Amedia Distribusjon vil frå april legge ned det meste av rutenettet utanom større tettstader, noko som gjer at spesielt lokalaviser vil stå utan distribusjon fram til det nye tilbudet. Vi har positiv kontakt med Samferdsledepartementet om denne saka, men vil be om at kulturkomiteen også påverkar at det kan kome ei løysing, som vi kallar ei *bru*, frå april til og med juni.

LLA set pris på at det i budsjettforslaget er vidareført god satsing på støtte til utbygging av fiberbreiband i dei delar av landet der marknaden ikkje løyser dette sjølv. Dette er viktig for at avisene skal nå fram til brukarane med digitalt innhald.

Tilskott til samiske media og plattformnøytralitet

LLA støttar at det blir arbeidd med å også gjere støtta til samiske media plattformnøytral. Men det er viktig å sikre at det i denne endringa blir tatt omsyn til ønske og behov både hos målgruppa og media. Det er viktig å sikre tilstrekkeleg ressursar til at den digitale omstillinga kan lukkast. LLA er glad for at det vert foreslått ein ny tilskottskategori for aviser med eigenproduserte saker på nordsamisk. Det vil styrke samisk språkutvikling.

Beredskapsplan for mediestøtte må utgreiast

LLA meiner at det er viktig å utgreie aktuelle mediepolitiske verktøy for å kunne gjere tiltak raskt dersom medieøkonomien brått blir kraftig svekka slik at media får problem med å løyse samfunnsansvaret på ein tilfredsstillande måte. I akutte krisesituasjonar i samfunnet er media ekstra viktige, noko pandemien viste til fulle. Det samme viser krisene i kjølvatnet av krigen i Ukraina og ikkje minst nå krisen i Midtausten.

Kompetanse og rekruttering må løftast til satsingsområde

LLA meiner at kompetanse må vere eit satsingsområdet. Då er ei inflasjonsjustering av støtta til etterutdanning til IJ, SUJO og LLA for defensivt.

Det er større behov for kompetanse enn nokon gong med store, raske endringar i samfunnet og då for media. Det er nok å nemne KI som er ei stor utfordring og som krev kompetanse til å handtere til å bli noko positivt.

Vi i LLA er stolt over å kunne vere med og bidra til den positive kvalitetshevinga i lokalavisene.

LLA har i år over 700 lokalavismedarbeidar på skreddarsydd avisfagleg kurs årleg.

Dette hadde ikkje vore mogleg utan støtta vi får til etterutdanning.


Det er viktigare enn nokon gong med redaksjonell utvikling, ikkje minst retta mot unge lesarar. Lokalavisa er og mange journalistar sitt første møte med media og både for rekruttering og utvikling av den enkelte er det viktig med gode, praktiske målretta kompetansetiltak.

Samarbeidsdesk i LLA-regi for å løfte journalistikken i lokalavisene

LLA vil også peike på vår viktige funksjon med å samordne redaksjonelle prosjekt. Den store folkevandringa er eit godt døme, med over 700 publiserte saker i 70 lokalaviser. Det er etter vitande det største journalistiske samarbeidsprosjektet som er gjennomført i Europa. Det er særskilt viktig å få tilbake og utvikle vidare eit slik samarbeid som kan gjere journalistikken i dei små lokalavisene betre, meir unik og viktigare slik at dei kan klare å tilfredsstille krevjande lesarar til å betale for å få tilgang til journalistikken. Vi ønskjer å etablere ein samarbeidsdesk som gjer at over 100 lokalaviser skal samarbeide om journalistikk som sikrar betre og ny gravande og journalistikk i lokalavisene. Skal vi i framtida ha gode lokaldemokrati er vi heilt avhengige av at vi får meir sannferdig journalistikk som gjev tillit. Vi trur den aller beste måten å få det til på er gjennom samarbeid. Det er avgjerande viktig at også mindre aviser gjennom samarbeid kan få tilgang til data og analyse, og slik kunne presentere meir undersøkjande og gravande journalistikk for lesarane. På denne måten vil lokalavisene også styrke lokaldemokratiet og samfunnsengasjementet.

Kunstig intelligens er her og kjem for fullt. Dette er noko dei mindre lokalavisene åleine ikkje vil kunne dra nytte av. Med ein samarbeidsdesk kan også dei minste vera med i utviklinga og få viktig innhald som dei ikkje kan klara å skapa sjølv. LLA vil etablere ei gruppe av datajournalistar som over fleire år skal arbeide med undersøkjande og gravande journalistikk for lokalavisene, og dermed sørge for ei vesentleg kvalitetsheving i dei minste lokalavisene ved bruk av datajournalistikk. På den måten vil vi sikra god undersøkjande kvalitetsjournalistikk i framtida. Me er sikre på at samarbeidsdesken vil vera blant dei viktigaste medie-etableringane som har vore, og at den vil auke kvaliteten på lokalavisjournalistikken rundt om i heile landet – og slik også bidra til å styrke lokaldemokratiet.

Lokalavisene er grunnfjellet i mediemangfaldet. Alle lever sine liv lokalt.



Kontaktopplysningar:

Tomas Bruvik
Generalsekretær
tomas@lla.no
411 08 523

Rune Hetland
Pressepolitisk rådgjevar
rune@lla.no
452 89 444